

**Rapportering for mottatt tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2014,  
Bydelsbloggen sin naturklatrejungel**

Me kom seinare i gong med bygginga av klatrejungelen enn planlagt, så det gjenstår ein dugnad. Me har handla inn alt me treng, så rapporten er likevel klar, men bileta av den ferdige klatrejungelen og evaluering vert ettersendt i januar. (Håpar at dette er i orden for dykk, sjølv om me ikkje har spurt om dette på førehand....)

Ein av grunnane til forsinkinga er at sjølv om me tok kontakt med kurshaldaren allereie i mai, og han i juni sa at han hadde tid til å koma til Stord til hausten for å halda kurs, så høyrt me ikkje meir frå han, trass mange mailar frå oss og løfte om at han skulle ringa.

Til slutt heiv me oss rundt og bestemte me oss for å bruka lokale krefter med erfaring frå jungelbygging og sikkerheitskurs for leikeplassar, til å leia dognadane. Dette har fungert ganske bra, men bygginga av jungelen har tatt mykje lengre tid, fordi me då ikkje kunne halda kurs og få med oss eksterne folk på dognad, slik planen først var. Me ser i etterkant at dette sikkert var noko me burde ha spurt om løyve til, håpar at det er i orden at me ber om det i etterkant....

I tillegg har me ikkje fått inn inntekter på kurspengar, men dette går fint av di me i staden for å måtta betala kurshaldar opp mot 30 000 inklusiv reise og opphold for å koma, har brukta 12 000 på dognadsleiarane.

Sjølv om det gjenstår ein dognad i romjula før prosjektet er ferdig, blir naturklatrejungelen allereie brukt av nær-skulen, blant anna når ungane har vore på dognad for å legga ut meir sikring/ grov sagmugg til dei siste metrane av løypa. I tillegg vert det observert både barnefamiliar på tur frå nærområdet og folk frå andre bydelar på Stord. Dette synest me er veldig kjekt, spesielt med tanke på at me ikkje har informert media enda.

Stadig fleire på Stord oppdagar dei positive kvalitetane til Sagvåg og Litlabø-området, og tar desse i bruk. Klatrejungelen kan nok på sikt, når den er heilt ferdig, og enda fleire veit om den, fungere som møteplass for barn/unge og barnefamiliar. Me kjem til å ha ei formell opning til våren der me inviterer avisene. I tillegg vert *Bydelsbloggen og facebook bruk til å reklamera for alt det positive som skjer.*

Ein representant for Bydelsbloggen kjem til å sikra minst ein gong pr. månad at klatrejungelen er i forsvarleg stand. I tillegg kjem me til å oppmoda folk om å gi oss beskjed dersom dei oppdagar at noko er øydelagt. De skal sjølvsagt få tilsendt artiklane frå den offisielle opning og andre artiklar som vert publisert frå området, når den tid kjem.

Som de sikkert legg merke til i budsjettet, har me ført opp regnskapet, har me brukt pengar på ein postkasse og ei turbøker (det vert trekt ut ein vinnar som får ein premie i slutten av 2015). På denne måten blir det lettare å sjå kor mange som nyttar seg av klatrejungelen.

Til slutt vil eg på vegne av bloggen og folk i området takka for at de gjorde det mogleg for oss å bygga jungelen, og me håpar at det er i orden at prosessen vil litt annleis enn først planlagt. Berre ring dersom De lurer på noko:-) 98002387

Mvh Lena B Ask, på vegne av Bydelsbloggen  
Mobil 98002387

Org.nr 998919355  
Kontonummer 35206593189

**Vedlegg:**

**Rekneskap, kvitteringar og lenker til bilete og info om dugnadane.**

**Vedlegg 1**  
**Budsjett med finansieringsplan-slik dei faktiske inntekter og utgifter til slutt blei:**

Tekst		Inntekt	Utgifter
Materiell	Tau		1 975,00
	Gåve: boltar, tau og flis,turbok,postkasse KLP	10 000	10 000
		2 000	2 000
	Bru i gåve frå Øystein Kyvik		4000
	Trebru nummer to, Skruar, oppbevaring, bøtter mm frå Biltema		1591 (139+1652)
	Fallunderlag/HMS		18 512
	Rastebenkar med tak Som har logoen til Hordaland fylkeskommune inngravert i bordplata.		15 380
Arbeid	Rydding skog/laga og fordela flis	30 000	30 000
	Montering/dugnad	30 000	30 000
	Administrasjon(dugnad)	4000	4 000
	Byggeleiing (kursleiing)		12 000
Tilskot		48 000	
	Bruk av eigne midlar	5 458	
<b>Sum</b>		<b>129 458</b>	<b>129 458</b>

Info og bilete om dugnadane:

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/10/knallkjekk-dugnad-i-klatrejungelen.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/10/dugnad-laurdag-4-oktober-fra-10-14000.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/09/dugnad-og-litt-leik-i-klp-lypa-like.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/09/dugnadsmat-i-klatrejungelen-kl-1330-tida.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/09/naturklatrejungelen.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/09/god-hjelp-fra-litlab-skule.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/09/flinke-folk-pa-tarzanklatrejungel.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/09/det-skjer-masse-kjekt-i-sagvag-og-pa.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/09/impulsdugnad-i-klatrejungelen.html?view=magazine>

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/2014/07/bydelsbloggen-held-fram-med-skja-om.html?view=magazine>